


# Leikanger KÝRKJELYDS BLAD

Nr. 1 - 2016 Årgang 70



Årsmelding for Leikanger sokn

**Sogn Avis**  
Laurdag

**Opna hjartedøra for flyktingane**

■ Byggjer nettverk ■ Fleire vit til flyktringevein

Kulturgryte med systrendingar, eritrearar og syrarar



Knut Henning Grepstad

## Oversikt over tilsette, kontaktadresser og telefonar:

### ADMINISTRASJON LEIKANGER OG SOGN DAL

#### KYRKJEKONTOR

Besøks-/postadresse:  
Kyrkjevegen 6, Stedjetunet, 6856 Sogndal  
Tlf sentralbord: 57 67 99 85,  
E-post: post@sogndal.kyrkja.no

#### KYRKJEVERJE:

Jorunn Merete Haukås-Eide  
Telefon mobil: 404 76 682  
E-post: kyrkjeverje@sogndal.kyrkja.no  
jorunn.merete@sogndal.kyrkja.no

#### SOKNEPRESTEN I LEIKANGER OG NORUM:

Egon Askvik  
E-post: easkv@online.no Tlf. 907 63 554  
Treffetid etter avtale - måndag fri.

#### KYRKJETENAR/REINHALDAR:

Cristina Sandor  
E-post: cristinasandor82@yahoo.com  
Tlf. 482 17 237

#### KANTOR:

Hallgeir Øgaard  
E-post: hallgeir@sogndal.kyrkja.no  
Tlf: 940 03 834 Heimeside: www.hallgeir.com

#### SOKNERÅDSLEIAR:

Bjørg Anda  
E-post: bjorganda@gmail.com  
Tlf: 476 76 893

#### KYRKJELYDSPEDAGOG

Monica Ugulsvik  
monica@sogndal.kyrkja.no  
Tlf 906 17 319

#### LEIGE AV KYRKJELYDSHUSET:

Kirsti Svangstu  
kirsti.svangstu@enivest.net Tlf: 915 82 293

[www.facebook.com/leikangerkyrkja](http://www.facebook.com/leikangerkyrkja)

[www.kyrkja.no](http://www.kyrkja.no) Kyrkja sentralt sin nettstad

[www.kyrkja.no/bjorgvin](http://www.kyrkja.no/bjorgvin) Bjørgvin

bispedømme sine heimesider

[www.leikanger.kommune.no/kyrkja](http://www.leikanger.kommune.no/kyrkja)

Informasjon om Leikanger kyrkje, tilsette og gudstenesteliste

[www.sogndal.kyrkja.no](http://www.sogndal.kyrkja.no) Informasjon om kyrkja i Leikanger og Sogndal

[www.kyrkjefolk.no](http://www.kyrkjefolk.no)

om boka Kyrkjefolk

#### LEIKANGER KYRKJELYDSBLAD

organ for Leikanger sokneråd  
Redaktør: Egon Askvik

Språkvaskarar: Hege Feet Askvik og Idun A

Husabø

Kasserar for bladet: Reidar Tjønn

Layout: Elianne Eggum

Trykk: Husabø prenteverk

Neste nummer kjem i slutten av august 2016.

## Ein slik kommune vil eg bu i

### Sogn Avis Laurdag

#### Opna hjartedøra for flyktningane



Ein februar dag i 2015 kunne Sogn Avis mælda at folket i Leikanger opna hjartedøra for flyktningane. Nokre har budd her lenge og blitt integrert, men nye har kome til. Kven er dei? Kvar kjem dei frå? Kva kan me som lokalsamfunn tilby dei?

Leikanger kommune med Aase Njøs i spissen laga ein fantastisk dag der det verka som om alle gode krefter i bygda hadde mobilisert: idrettslag, kor og korps, speidarar og sokneråd, for å nemna nokre. Me smakte på mat frå Eritrea og Syria, og Chiku Ali heldt eit tankevekkande føredrag.

Sogn Avis kunne også fortelja om Alya frå Syria som har språkpraksis i Askedalen barnehage. Ho kunne berre arabisk, og Edith Valeberg Eggum innrømte at dei tilsette hadde vore litt skeptiske.

– Men me tenkte at ho berre er eit menneske akkurat som oss, sa Edith. Og Alya fann seg til rette frå fyrste dag. Dei tilsette innsåg at ein kjem langt med miming, kroppsspråk, Google og ikkje minst med latter og leik.

Fåe dagar etter arrangementet drøfta Leikanger kommunestyre busetjing av mindreårige flyktningar i kommunen. Henny Kristin Asperanden Navarsete snudde debatten. – Korleis hadde det vore for meg å senda ungen min ut i verda som flyktning, og så kjem han til eit land der dei ikkje vil vita av han? spurde Navarsete.

Det blæs ein kald vind denne våren. Mange flyktningar kjenner seg utrygge på om dei er velkomne i landet vårt. Særleg muslimane vert stigmatiserte og lett sett på som potensielle terroristar. Me må halda fast på Edith og Henny Kristin sine ord om at dei er menneske nett som oss. Borna deira kunne ha vore borna våre.

Takk til Sogn Avis som formidlar desse historiene. Me treng dei. Me høyrer dagleg andre tonar – tilsynelatande ufarlege nyhende som likevel er med på å nære frykt og framandhat. Ei slik samfunnsutvikling er ingen tente med.

Leikanger sokneråd har engasjert seg for flyktningane, og før jul skipa dei på kort varsel til fargerik førjulssamling i kyrkjelydshuset med mat frå ulike land. Dei nye sambyggdingane våre presenterte seg og stemninga var god. Stundom kan slike enkle tiltak vera viktige. Og små handlingar – som eit smil, eit "hei" eller ein kopp kaffi – gjer ein stor skilnad.

Me går mot påske. Ein salme me syng i fastetida er "Se, vi går opp til Jerusalem". På denne vegen passerer me no dei som "har falle i hendene på røvarar". Det greiaste er å gå rett forbi. Men kva hender om eg stansar? Om eg går nærare? Om eg vert kjent med den som ligg der? Er det farleg å verta engasjert? Kan det få økonomiske konsekvensar? Lukasevangeliet kap.10 kan vera god lesnad og historia om den miskunnsame samaritanen er ei forteljing ein kan reflektera over og handla etter.

I ord og gjerning kan vi vere med på å gje medmenneske i ein svært krevjande situasjon framtid og håp. Slik får vi også høve til å oppleve rikdomen i den menneskelege fellesskapen, og det gode og verdfulle som dei som kjem kan tilføre både den einskilde og samfunnet, skriv biskop Halvor Nordhaug i eit brev til kyrkjelydane i Bjørgvin.

Er det dette me gjer i Leikanger akkurat no?

Ein slik kommune vil eg bu i.

Knut Henning Grepstad:

## Eg har alltid vore engasjert

Knut Henning er blitt pensjonist. Nøkkelen til kontoret er enno ikkje levert, men det er like før. Den samfunnsengasjerte valeksperten ser seg gjerne attende, men helst vil han vera seg medviten og engasjert i samtida og sjå framover.



Tekst/foto: Egon Askvik

- *Kva har vore ditt bidrag i dette?*
- For tida prøver eg å vera ei støtte for Hagos frå Eritrea. Han har fortalt mykje om livet som flyktning og det er sterkt kost. Det er heller ikkje lett å bli sitjande gjerandslaus i eit husvære utan arbeid og nettverk samstundes som kona og sonen ventar i eit utrygt tilvære i Sudan. Nett no er det øvingskjøring til sertifikatet som står på programmet. Utan sertifikat og bil vert du ganske isolert på bygda.

- *Du har jobba mange år i fylkeskommunen. Kva har oppgåvene dine vore?*

- Eg starta som kontorsjef og var i mange år assisterande fylkesrådmann. Eg har også drive med informasjon og personaladministrasjon. Dei siste tjue åra har eg vore leiar for fylkesordføraren sitt sekretariat.

Mange kjenner også Knut Henning som kommentator ved stortings-, fylkestings- og kommuneval. Det har vorte mange direktesendingar i NRK med analysar om valet i dei ulike kommunane i fylket.

## Kyrkja må vera ein arena der me finn samhald og drivkraft til å gjere godt mot kvarandre

### Der må eg skuffa deg

- *Kva med kyrkja og den kristne trua?*

- Der må eg skuffa deg. Kristentrua er ikkje ein dimensjon i mitt liv. Eg finn ikke noko trøyst i det hinsidige. Eg er meir oppteken av livet her og no og vil ikkje bruka tid på tankar om livet etter døden. Eg meiner det er å skapa falske forventingar.

- *Du er ikkje redd for døden?*

- Eg har vore ganske nær døden. I 2012 var eg i ei billukke som nær tok livet mitt. Eg hugsar at då eg vakna, tenkte eg: Det hadde ikkje gjort meg noko om eg ikkje vakna att no.

Knut Henning hadde noko religiøs oppvekst, men familien hans hadde eit nært forhold til presten og prestegarden.

- Me vokste opp i Korea på det som frå gammalt vart nytta som kornåkeren til prestegarden. Presten var nærmeste naboen vår. Presten Daae kom attende i teneste i 1953 og han var ein spesiell type. Det lever mange soger om han. Mange var nok provoserte av denne libertinaren som drakk vin og hadde hushalderske, ho Sittona. Du kan seia at presten og Sittona var nokre av dei fyrste sambuarane i Leikanger, i alle fall i «øvrigheita». Han vart pensjonist i 1960.

- Eg var vel helst litt redd presten, men ho Sittona såg oss ungane. Ho let oss plukka valnötter, vel å merka om me spurde først.

Knut Henning meiner Leikanger har mykje å takka "Daaen" for, ikkje minst at han brukte energi på restaurering av kyrkja og testamenterte pengar til klokkgarden, som i dag er kyrkjelydshuset.

- Eg har forresten hatt ein liten jobb i kyrkja: eg har gått rundt i bygda og samla inn abonnementavgift på kyrkjelydsbladet, skyt han inn



*Magos trenar til oppkøyring. Ove Kristian Lunden er "sjåførleiar" og Knut Henning er "sensor" i baksetet.*

### Et betre liv her og no

- *Kva rolle meiner du kyrkja kan spela i dag?*
- Kyrkja med sine trygge ritual er viktig. Ho skal vera lett tilgjengeleg for menneska og open for alle, særleg for dei som fell utafor på ulikt vis. Eg trur kyrkja ynskjer å vera inkluderande, men de har enno ein lang veg å gå. Kyrkja må hjelpe menneska til å skape eit betre liv

for seg sjølv og andre, og vera ein arena der me finn samhald og drivkraft til å gjera godt mot kvarandre. Ho må visa oss at det å hjelpe andre er vår eigen veg til fred. Det gjeld lokalt og det gjeld internasjonalt. Kyrkja vil ikkje rasa saman sjølv om ho tenkjer breitt og folkeleg. Det kyrkjelege har ofte signalisert det trønge, men skulle vera ein stad der me kunne pusta fritt. Det er ei utfordring for kyrkja å bli betre på det.

### - *Kva med gudstenestene?*

- Det er fint å vera på gudsteneste. Det er høgtideleg og fint med salmesongen, men eg har som nemnt problem med presten sin tåketale. Gje meg heller noko å strekkja meg etter, ei ny utfordring eg kan jobba med!

Knut Henning meiner presten har ein viktig funksjon som normberar.

- Ikkje berre når han er på preikestolen og ikkje berre når han eller ho utøver kyrkjelege handlingar, men heile tida. Det gjeld forresten ikkje berre for prestar. Eg held kurs for folkevalde og minner dei om at dette er eit verv dei ikkje kan leggja ifrå seg på fritida. Dei skal i alt sitt virke visa seg tilliten verdig. Det same gjeld prestar, lærarar og mange andre i posisjonar der tillit er viktig.

### - *Og til slutt?*

- Me må verta flinkare til å akseptera mangfold og byggja ned motsetningar. Diverre kan det verka som om intoleransen er i framvekst.



Foto: Helge Johnsen, Firda

## Invitasjon Til alle som fyller 6 år i 2016

Hei alle seksåringar.

Sundag 3.april kl.11 vert du invitert til ei spesielt fin gudsteneste i kyrkja vår.


Gudstenesta er særleg laga for seksåringar og det er presten Egon, kyrkjelydspedagogen Monica, organisten Hallgeir og kyrkjetenaren Cristina som leier gudstenesta, saman med ei gruppe konfirmantar.

På denne gudstenesta får du ei boka som heiter Mi kyrkjebok, men det er ikkje den boka du fekk då du var fire.

Me startar med ei samling for seksåringane og foreldra - i kyrkja kl.10. Då er me godt førebudde til gudstenesta byrjar.

Det vert sendt invitasjon til alle som er medlemer i kyrkja. Men andre kan også få boka. Gje oss melding viss de vil koma.

Beste helsing Monica Ugulsvik (kyrkjelydspedagog)



# Mat og kultur byggjer nettverk

**Full kok i kulturgryta i Leikangerhallen på onsdag.**  
**Kombinasjonen mat og kultur viste seg å vera ein suksess. Bygdefolk strøymde til Leikangerhallen frå dørene opna i 13-tida, og fekk sjå korleis kulturgryte byggjer bruer.**

## Den vanskelege ø

Chiku Ali heldt eit fyrverkeri av eit føredrag. Med gode døme og ved å bruka kroppsspråket sitt, hadde kjærleiksflykningen frå Tanzania/Bergen publikum i si hule hand frå første stund. I føredraget sitt var ho oppteken av kor viktig det er å byggja bruer mellom bygdefolk og flyktingane, som har flykta frå eit land der dei var noko og hadde verdiar, men i det nye landet må dei byrja frå botn. Ikkje berre er dei språklause, men dei er også stamme- og identitetslause.

– Å læra seg norsk er viktig, men norsk er eit vanskeleg språk. Bokstavane ø, æ, y og å lagar problem. Me har ikkje slike bokstavar. Gje flyktingar ein jobb, for dei lærer ikkje å seia ø heime i stova si. Men det er ikkje nok å læra seg norsk. Like viktig er det å læra seg dei uskrivne reglar og kodar for å forstå det nye landet dei har komne til og kunne unngå mange mistydingar.

## – Dobbeltsekka

I føredraget kom Ali inn på mange småting som kan gjera tilværet vanskeleg for dei som kjem til Noreg.

– Klokka mi går berre til 12, men i Noreg er ho 13, 14 eller 20. Skal ein møta hjå lege kl. 14.30, og så går klokka mi berre til 12. Hugs å spør om dei har forstått, seier Ali. Ho meiner ideen med flyktningeven er framifrå. Då kan ein byggja nettverk og få gode opplevingar. Ho hadde òg ei oppmoding til dei mange i salen.

– Alle har eit namn. Lær deg namnet og sei det rett, sa Chiku Ali, som fekk mykje ros etter føredraget.

## Lærerikt

– Eg er imponert over kor mange som kom til føredraget mitt. Eit godt tiltak for å få til ei god integrering i Leikanger, seier Ali, som registrerte at det var nesten full sal på den første samlinga, og salen var fylt godt opp til andre seksjonen.

-- Både kjekt og lærerik høyra på Chiku Ali. Ho snakka om alt som er viktig både for dei som bur i bygda og me som kjem hit som flyktingar, seier Shewit Demai Temelso.

Tekst og foto: Sigrid Svarlefoss/Sogn Avis



Bildet er frå soknerådet sin fargerike førjulssamling i desember (foto Egon Askvik)

Bildet er frå fargerik førjulsamling i kyrkjelydshuset. Foto Egon Askvik



Mange stilte seg i lø for å prøva seg i klatreveggen og speidarane var ivrige hjelparar. Foto Sigrid Svarlefoss



- Ta imot og inkludér flyktingane. Leikanger må førebyggja og ikke reparera, seier Chiku Ali



- Mange kjem og spør om me kan få i gang matkurs, slik me hadde for seks år sidan, seier Shewit Demai Temelso. Ho sto på stand for Flyktningetenesta. Foto Sigrid Svarlefoss



Idrettslaget gjer ein stor innsats for å få flyktingar med seg i arbeidet. Karoline (t.v.) og Synnive delte mellom anna ut ballar. Foto Sigrid Svarlefoss



I lang, lang rekke sto systrendingar tolmodige og venta for å prøva seg på nye og framande smakar frå Eritrea og Syria, men og den tradisjonsrike lapskausen fall i god smak. Foto Sigrid Svarlefoss

# Gode råd for integrering:

- **Sei hei, smil.**
- **Ver åpen.**
- **Ta kontakt.**
- **Sei/forklar korleis vi gjer ting.**
- **Snakk med dei, ikkje om dei.**
- **Still spørsmål om kulturen og landet dei kjem frå.**
- **Ver ein aktive lyttar.**
- **Forsikre deg om at du vert forstått.**
- **Sei kva du forventar.**
- **Hugs at du har noko å lære av andre.**
- **Ha det kjekt saman.**

*Forfatta av Aase Njøs, inspirert av Chiku Ali sitt føredrag*



## Konfirmasjonar i Leikanger 2016

### Laurdag 14.mai kl.12

Stine Njøs Eikeland  
Ingemår Fosshagen  
Amalie Hylseng Haugen  
Frode Offerdal Jakobsen  
Hanna Krosshaug  
Brede Nes  
Trine Humlestøl Njøs  
Amanda Skarsbø Ophun  
Martin Strømseng Ophun  
Marion Borlaug Orrestad  
Tina Therese Sælid Heggestad  
Sigurd Myklebust

### Sundag 15.mai kl.11

Synne Gjerde  
Torunn Lærum Gjøringbø  
Andreas Solberg Høgalmen  
Kasper Foss Johannesen  
Therese Foss Johannesen  
Mathias Berge Jørgensen  
Andrèa Langeteig  
Ingeborg Røysum Langeteig  
Ørjan Langeteig  
Kristine Lidal Røysum  
Henrik Farstad Sagen  
Joakim Solheim  
Joakim Elde Walaker

### Sundag 15.mai kl.13

Mathias Fossberg  
Andrea Henjesand  
Gaut Eliassen Hamre  
Amalie Dimmen Henjum  
Sara Felde Liljedal  
Andrine Elenni Nornes  
Gunvor Hamre Nornes  
Sigurd Stenstadvold  
Adrian Husabø Thue  
Amund Bäckström Vikdal  
Magnus Risnes Wolff  
Elisabeth Øverbø



# Ragnhild var lys vaken!

- Det var veldig gøy å vera i kyrkja ein heil laurdagskveld, seier Ragnhild Stenstadvold (11). Saman med andre frå klassen fekk ho utforska kyrkja ein heil kveld i februar.

- Kva gjorde de på?  
- Me fekk spela på orgellet.

- Fekk de lov til det?  
- Hallgeir viste oss korleis det fungerte. Og så las me litt i Bibelen om då Jesus skulle ut av byen og ein fattig mann sat og tigga. Han var blind. Han bad Jesus om å gje han att synet.

Ragnhild fortel at ho og dei andre 11-åringane reiste til Sogndal og var med på gudstenesta der på sundag. Det var dåp, dei las frå Bibelen og så fekk dei sin eigen bibel.

- Me opptrødde saman med Bjarte.  
- Kven er Bjarte?  
- Han heiter Bjarte Leithaug og har gitt ut mange barneplater. Og så er han onkelen til artisten Gabrielle. Me sa til han at neste gong måtte han ta henne med, men han sa han ikkje kunne lova det, hehe.

- Hugsar du nokon av songane?  
- "Me må være med" og "Fly lille engel". Det var slike songar som du får litt på hjernen. Me nynna på dei i fleire dagar etterpå.

- Fekk de mat?  
- Me fekk pizza, men eg ikkje så glad i det.  
- Kva likar du, då?  
- Hellekakene til Besta, hehe!

- Det var ikkje alle 11-åringane som var der?  
- Nei, og dei som ikkje kom, kan angra på det. Og til dei som byrjar i femte klasse til hausten: Bli med på Lys Vaken, for det var veldig gøy, seier Ragnhild.



Den spesielle 11-årsbibelen vart utdelt.  
(Foto: PEter Stenstadvold)

Hallgeir fortel.

Bjarte og konfirmanthjelparane.

# 70. årgang av Leikanger kyrkjelydsblad

Leikanger kyrkjelydsblad går no inn i sin 70.årgang. Det er eit jubileum som me vil markera med nokre historiske klypp. Det var presten Nils Ruset som var den fyrste redaktøren og den som tok initiativ til bladet. Her er frå fyrste utgåva frå oktober 1947:



## Kyrkjelydbladsblad for Leikanger, Feios og Fresvik

Nr. 1.	Kjem ut ein gong for månaden.	Oktober 1947.	Ansvarleg: Soknepresten.	1. årgang.
--------	-------------------------------	---------------	--------------------------	------------

**Kyrkjelydbladsblad**  
for Leikanger, Feios og Fresvik.  
Kjem ut på Leikanger 1 gong i månaden.  
Bladpengar kr. 2,50 for året.

Desse tek imot bladpengar:  
Endre Lidal, Jon E. Husabø, N. Ruset, Per Thue, Nils Johs. Henjum og handelsmann Henjum.  
Mons Afet, Harald Tjønn, Per H. Bøthun, P. O. Hatlelid og Ivar Tjønn.

## Indremisjonsstemna.

### Kyrkjelydbladsblad for Leikanger, Feios og Fresvik.

Her kjem første nr. Det gjer ikkje krav på å vera nokon prestasjon. Det kjem som ei helsing til deg. Først og fremst ynskjer me å koma med ei helsing frå Gud, din Frelsar og himmelske Far. Dinest frå kyrkja di og kyrkjelyden du høyrer til, den du vart døyd inn i.

Så ynskjer me at bladet må vera eit band som bind dei tre kyrkjelydane saman. Ei serskild helsing sender me til alle dykk som på grunn av sjukdom eller alderdom ikkje lenger kan koma saman med kyrkjelyden om Guds ord. Måtte du få merka litt av eit kjærleikens og Andens puls-slag gjennom dette vesle bladet.

Me er takksame for bladstoff. Bladet vert send til alle heimar. Det kostar kr. 2.50 for året og kjem ut ein gong kvar månad. Det er ingen tvang å betala dette, men me trur at dei aller fleste vil betala denne vesle summen for å eiga eit kyrkjelydsblad for heimbygda si.

Må så Herren få signa tiltaket og deg som les det.

Me vil med det same oppmora dei som har nære slektingar utanbygds at dei sender bladet til desse. Dei vil sikkert setja stor pris på å få ei slik månadleg helsing frå si barndomsbygd og kyrkjelyd. Og me vil og prøva få sume av dei til å senda ei helsing til oss gjennom kyrkjebladet.

Ein vil hermed oppmora også dei frå Fresvik og Feios om å finna vegen til Leikanger kyrkja Bededag.

## Karsten sine beste

Presten Karsten Isachsen døydde i januar i år. Han var kjent for sine mange historier som han ofte krydra preikene og føredraga sine med. Kristen Askeland las ein del av dei på eit tysdagstreff i februar og me deler nokre av sogene her:

Det er kaldt i Hallingdal i januar. Det siste bøndene i Skurdalen gjer om kvelden i januar er å ta inn gradestokken. Det er lite underhaldning i fjellbygdene i januar, så ein er takksam for alt som vert bydd. Ein snørik vinterdag kjørte ein oslomann av vegen med volvoen sin og hamna ut i laussnøen. Fire-fem karar i vadmålsdressar sto oppe på riksvegen og peika og kommenterte.

Mannen ute i snøen var både ergerleg og flau og ropte: "Hvem er det som har ansvaret for brøytinga her, da?" Då svara ein av hallingdølene: "Der du ligg veta me ikkje, men her uppe på vegen er det Statens vegvesen"

Den mest typiske dialekten i Hallingdal har me på Nesbyen. Ein nesning var på Ringerike sjukhus. Lækjaren hørde med ein gong på dialekten at mannen var frå Nesbyen. No sto han og fordelte urinprøven til mannen på fem mindre glas. Medan han held på med dette, seier han for å prata litt med pasienten: "Jasså, du er frå Nesbyen?" Mannen fer saman på krakken og utbryt: "Huttetu, no har vitenskapen kommi langt!"

Det sto eit bryllaup i Ål kyrkje i Hallingdal. Brudgommen var vestlending. Det er ikkje uvanleg i Hallingdal at ein av brurefolka kjem vestfrå, for det er jo berre Hardangervidda imellom. Så møtest dei i høgfjellet om sommaren og hekkar der, og så vert det bryllaup utså vinteren.

Grunnen til at denne brudgommen vert ekstra godt hugsa, er at han vert rekna for å vera den ærlegaste brudgom i Hallingdal på minst to generasjonar. For då presten spurde han om han vil ha henne som sto attmed



Foto: Erlend Berge Vårt Land

og førte besteforeldra opp som foreldre og barnebarnet som barn nummer elleve.

Feilen vart retta i kyrkjboka. I margen står fylgjande merknad med presten si sirlege handskrift: "Det elleve barn skyldes utelukkende slurv fra min side"

Den nye kapellanen vart belemt med heile fem brurevigslar ei jonsokaftan. Han førebudde seg godt og la lista med alle namna inn i altarboka. Det gjekk greitt i første par. Men allereie i andre paret fekk han kluss på vekslingsida, som det heiter på skøytespråket. Han kopla feil og spurde brudgommen om han ville ha Erna Gudmundsen som sto attmed han. "Nei", sa brudgommen. "Feil brud". For at det heile ikkje skulle stoppa heilt opp, valde den unge presten med den største rutine å snu altarboka med lista mot brudgommen. Så sa han høgtideleg: "Og hvem vil du så ha?"

Ein oktoberdag vart det forretta vigsel i Skurdalskyrkja ein måndag ettermiddag. Etter vigsla sa presten til kyrkjetenaren: "Dette er jammen fyrste gongen eg har forretta ei brurevigslle på ein måndag" Då sa kyrkjetenaren, som var 84 år, og gamal ungkar: "Å ja, du veit, dei vilja ikkje øydeleggje weekenden!"

han til ektemake svara han: "Eg ville no heller hatt systera".

I gamle dagar førte presten både kyrkjbökene og folkeregisteret på bygdene. Det var ikkje lov å gjera overstrykingar i dei offentlege protokollane. Feilen

skulle rettast, saman med ein merknad i margen om at noko var gale. I kyrkjboka for Nes prestegjeld melde eit ektepar i førre hundreår inn ti born til dåp i løpet av ein tjueårsperiode. Dei vart så besteforeldre og kom til presten for på melde det fyrste barnebarnet til dåp. Men i farten skrev presten feil

## Frå omtalar av boka Kyrkjefolk

Nesten ukentlig dumper det inn anmeldereksemplarer av teologisk og kirkelig litteratur på Nytt norsk kirkeblad-redaktørens kontor. Vanligvis kikker jeg raskt på bøkene og setter dem i hylla for så å distribuere dem videre til anmeldere. Da boka «Kyrkjefolk» havna på kontoret mitt en regnfull Oslo-høstdag, ble jeg sittende i tre kvarter og bla i den før jeg greide å rive meg løs. Jeg tok meg i å le høyt flere ganger, og ble jevnlig blank i øynene. For denne boka er et praktisk-teologisk praktstykke der den norske folkekirken blir kjøtt og blod, formidla gjennom ord og bilder. (.....)

Noe av det som gjør boka så troverdig som den er, er at fortellingene er så sammensatte. Askvik må åpenbart ha evnen til å få folk til å snakke ærlig. Det fortelles om nærhet og avstand til kirken, tillit og provokasjon, mening og kjed somhet. «Kyrkjefolk» er en kjærighetserklæring til kirken, lokalmenigheten og folket i Leikanger, men fungerer som så mye mer enn det: En påminnelse til alle oss som jobber der om at kirken vever seg inn i folks liv på tilsikta og utilsikta måter, på godt og vondt, men (nesten) aldri på en likegildig måte. Boka ga meg lyst til å bli menighetsprest igjen.

Merete Thomassen i tidsskriftet Nytt Norsk Kirkeblad, utgjeve av Det praktisk-teologiske seminar ved Universitet i Oslo.

**Hjertelig takk** for den mest fantastiske julebok jeg noen gang har fått! For en gave til menigheten, Leikanger, og oss alle! Så vakker og så gripende! Jeg har smilt og grått om hverandre. Alle disse vitnemål. Fra gamle og unge, ikke minst fra barna. Jeg har lest og grått hver dag siden jeg fikk din bok mellom hendene. En slik andaktsbok har jeg aldri fått.  
(....)

Takk for at jeg får være med i boken og hjertelig takk for at du sendte meg den!

Julekort frå Gerd Grønvold Saue. Ho har skrive dåpsalmen "Eit under hender i verda" som er med i boka og som me brukar mykje ved dåp i Leikanger.

Eg trur dette er ei av dei finaste bøkene eg har lese. Den var så nær inn i livet og so open og god med det å vere menneske og kanskje litt på leiting på alle stadier i livet. Dersom du er i kontakt med dei einskilde som har vore bidragsytarar til boka, må du overbringe ei stor takk for den openheit dei har vist.

Brev frå Kjell Dahle



## EGON ASKVIK KYRKJEFOLK



Med boka «Kyrkjefolk» gir Egon Askvik oss gode historier om de viktige enkeltmøtene med kirken og med presten, på de «vanlige søndagene» og på de store merkedagene i livet, i glede og sorg. Jeg blir rørt, glad og inspirert av fortellingene. De bekrefter erfaringer jeg selv har gjort som prest. Men boka gjør meg også ydmyk fordi den minner om det store ansvaret vi som prester har. Folkekirkens framtid avhenger av at folk blir møtt med respekt når de kommer til kirken. Plikt holder ikke, en god relasjon er nødvendig.

Invild Oseberg, Inter Collegas - Den Norske Kirkes Presteforening



# REGNBOGEBOН



## FASTETID

Frå og med oskeonsdag

Krossen frå Kenya viser oss innhaldet i fasta - ein kross full av hender. Guds hender og menneske-hender. Vi klarar ikkje å skilja dei frå kvarandre. Evangeliet er meir enn ord. Når nokon orkar å vera Guds hender i verda, og samstundes strekkjer seg mot Gud i lovesong og bøn, då opplever vi at handling og bøn blir eitt! (NoS 674)

## FORANDRING

Frå og med 1. søndag i fastetida

- No er eg veldig glad. Det reine vatnet vil gjera oss mindre sjuke, og det blir mykje kortare å gå. Då treng eg ikkje å bruka så mykje tid på å henta vatn, seier Agnes. Pengane frå TV-aksjonen hausten 2014 har forandra alt. No kan dei satse på å bygga ei ny framtid i landsbyen Munguli i Tanzania. Fasteaksjonen 2016 vil gi fleire barn og vaksne nye høve.

## RETTFERD

Frå og med 2. søndag i fastetida

- Det er eit bilet som har brunne seg fast på netthinnina mi, biletet av born som kjem gåande i alt for store sko. Dei er på flukt og har gått langt. Så langt at dei har slite ut sine eigne sko, seier Anne-Marie Helland, generalsekretær i Kirkens Nødhjelp. Og legg til: For meg blei det også eit uttrykk for kor urettferdig kriza i Syria og landa rundt rammar.

## HÅP

Frå og med 3. søndag i fastetida

Frå små spirer, til millionar av tre, til håp i Kenya - eitt av landa i verda der fattige blir ramma hardt av klimaendringar. Gjennom prosjektet Mully's Children's Family har oppsamling av regnvatn i dammar og massiv treplanting skapt ein grøn oase midt i ein elles veldig tørr del av landet. Med enkle tiltak har vilkåra i området endra seg og utvikla eit berekraftig jordbruk.

## VATN

Frå og med 4. søndag i fastetida

Tyfonen tok med nesten alt på herjinga si. Hus, bygningar og infrastruktur blei ødelagde, brønnar rasa saman og vi måtte gå fleire kilometer for å kjøpe vatn. No kan vi henta vatn rett utanfor døra! Ei gledestrånde Angeline Moralde (12) fyller opp flaska si med vatn, i ein av dei mange landsbyane der Kirkens Nødhjelp sytte for rent vatn og sanitære løysingar etter tyfonen Haiyan på Filippinene. Vi er der i kriser med rent vatn - for liv, helse, tryggleik og håp for framtidia.

## SAMAN FOR ANDRE

Frå og med Maria budskapsdag

- Vi blir først ein verkeleg kyrkjelyd når vi rettar blikket utover oss sjølv. Fasteaksjonen til Kirkens Nødhjelp gjev oss høve til å gjera nettopp det. Den er også ideell for å skape samhold og sosialt fellesskap på tvers av generasjonar. Både born, unge og voksne kan bidra på like fot og gjera noko saman, seier John Børge Askeland som er tilknytt Skåre kyrkje og Fjellhamar kyrkje i Lørenskog.

## DEN STILLE VEKA

Frå og med Palmesøndag

Ein prosesjonskross frå Etiopia. Krossen er det samlande symbolet for heile den kristne kyrkja. Den stille veka gjev oss tid og rom for ettertanke og takksem. Jesus visste kva liding var, og han har signa over dødskreftene. Det gjev håp!

Kjære Gud, takk for at fastetida gjev oss høve til å lytta til di stemme. Gjer oss vakne og opne så vi ser ditt bilet i menneska vi møter.

Kjære Gud, tenn håpet i oss denne fasta - håpet om forandring i oss og rundt oss. Takk for alle som bidreg til å skapa forandring. Og hjelp oss å endra praksis som truar framtida vår på denne kloden.

Kjære Gud, hjelp oss å lytta til kvarandre og dela håpet om rettferd og fred. Lær oss å dela rettferdig slik at alle får det dei treng - mat, vatn, tryggleik og framtid.

Kjære Gud, du har gjort oss til medskapande forvaltarar av jorda vi bur på. Gje håp, krefter og kreativitet - og eit heilagt utålmod.

Kjære Gud, takk for vatnet - ein grunnleggjande føresetnad for alt liv. Takk for styrken i svalande dråpar, for livskraft og nytt mot.

Kjære Gud, vi ber om at fastetida hjelper oss til å sjå forskjell på viktig og mindre viktig, så vi også kan utgjera ein forskjell - for andre.

Kjære Gud, Sonen din vart prøvd i alt. Ver med alle som opplever smerte og blir truga på livet. Hjelp oss å bygga fellesskap på tvers av alt som skil. Gje nyskapande krefter til alle som fremjer forsoning og fred.




Leikanger er klar for ny fasteaksjon – den årlege dør-til-dør-aksjonen for Kirkens Nødhjelp. Vårens vakraste eventyr.

Først tusen konfirmantar + foreldre og soknerådsmedlemer tek del i ein landsomfattande dugnad.

På bildet ser me Malin, Julianne og Johanne som var konfirmantar i fjor. I fjar samla Leikanger inn kr.41 946 Greier me å slå den rekorden i år? Kirkens Nødhjelp arbeider i mange land. Dei jobbar særleg med prosjekt for å skaffa menneske rent vatn. Det er livsviktig.

Ta godt imot bøssebærarane som kjem på døra di tysdag 15.mars frø kl.17 og utover!



I KRISER ER VATN KRITISK

VI ER DER I KATASTROFER MED REINT VATN  
NO TRENG VI DEG.

# Kyrkja i Leikanger

## Årsmelding for Leikanger kyrkjelyd 2015

### Medlemer i soknerådet 2015 fram til 31. oktober

**2015:**

Anne Kristin Aarskog – leiar  
Borgtor Bøyum – nestleiar  
Erna Flatabø – sekretær  
Steinar Velle, Linda Grepstad Grinde, Dagny Ugulsvik  
Alvik og sokneprest Egon Askvik

Varamedlemer:  
Solveig Norum, Torbjørn Aase, Ruth May Odd, Jorunn Mundal, Åsta Magni Hauge

**Hausten 2015 var det val av nytt sokneråd,** som vart konstituert den 29. oktober 2015. Dei nye medlemmane er: Bjørg Anda - leiar, Sindre Børshheim Ramung - nestleiar, Tom Sølve Myklebust - skrivars, Bjørn Sandvik Sølsnæs, Kolbjørn Nord, Åse Kongsvik og sokneprest Egon Askvik

Varamedlemer:  
Tove Stensås, Svein Helge Frækaland, Anna Helen Hamre, Jorunn Fosse Fidjestøl, Tone Britt Myklebust

Representant i Fellesrådet:

Bjørg Anda, vararepresentant: Åse Kongsvik  
Kommunestyret sin representant i Fellesrådet:  
Cecilie Njøs, Vararepresentant: Bjørn Sandvik Sølsnæs

Rekneskapsførar for soknerådet og kyrkjelydshuset: Kirsti Bergfeld Svangstu  
Revisor:Svein Helge Frækaland

Rekneskapsførar for kyrkjelydsbladet: Reidar Tjønn  
Revisor: Synneva Husabø

**Trusopplæringsutvalet:** Hege Feet Askvik var representant i trusopplæringsutvalet i 2015.

**Diakoninemnda:** Synneva Husabø har vor Leikanger sokn sin representant i diakoninemnda for fellesrådsområdet.

### Husstyret (Kyrkjelydshuset) fram til 31. oktober 2015:

Kristen Askeland – leiar, Bjørg Anda, Svein Helge Frækaland, og representant for soknerådet var Linda Grebstad Grinde.

**Nytt husstyre:** Anne Karin Fredheim Instefjord, Gerd Haugen, Odrun Ugulsvik Myklebust, og representant for soknerådet Kolbjørn Nord, som i konstituerande møte 18. januar 2018, vart vald som leiar.

### Fasteaksjonen:

Faseaksjonen til Kirkens Nødhjelv vart halden tysdag 24. mars 2015.

### Resultat:

**Kr 41 946.**

Anne Kristin Aarskog og Erna Flatabø frå soknerådet og konfirmantforeldrene Eli Nes Killingrød, Ingeborg Fredheim, Pia Hickman, Sigrid Fardal og Eva S. Fosshagen organiserte innsamlinga.



### Gudstenester

Gudstenestene er navet i kyrkjelyden. Leikanger kyrkje har gudstenester annakvar sundag. I tillegg kjem gudstenester i høgtidene og særskilde gudstenester.

Det var i 2015 totalt 46 gudstenester med totalt 4994 deltagarar. 4 gudstenester er særleg for born med utdeling av bøker. Nytt i 2015 var kveldsgudstenesta "Salmar&kaffi".



Mange har spurta etter gudstenester på kveldstid og med mykje song og musikk. Ei nemnd har førebudd og gjennomført desse gudstenestene som var 1.mars, 7 juni og 4.oktober.

Målet har vore at kyrkja skal vera "julaftafull", og det har vore god oppslutning om desse gudstenestene. I nemnda har desse vore med: Kari Kitty Stadheim, Gerd Haugen, Bjørg Anda, Sandra Pearce, Cristina Sandor, Diccon Pearce, Hallgeir Øgaard, Tove Stensås, Hege Feet Askvik, Monica Ugulsvik, Tom Sølve Myklebust, Jean Rockwell og Bjørn Sølsnæs. Elles har det vore eit fast husband med Kjell Olav Nordheim, Ottar Husum, Egon Askvik og Diccon Pearce/Hallgeir Øgaard. Nemnda har kome med forslag om tema til desse gudstenestene.

Det har vore kaffi i kyrkjebenken (mars), på ungdomsskulen (avslutning for Diccon og Sandra i juni) og i kyrkjelydshuset (oktober). Det vert drøfta kor ein skal ha kaffien.

Ein bør unngå haust- og vinterferiehelgar.

Mange er engasjert som medliturgar(medhjelparar) på alle gudstenester og deltek med lesing, lyttenning, ta inn takkoffer. Her er vaksne og konfirmantar saman om oppgåvene.

### Julafta vart juleevangeliet framført på tre

**gudstenester** (kl.12, 1430 og 16) med tilsaman 70 engasjerte born og vaksne på og bak scena. Også dette året vart det delt ut billettar på førehand. Denne gongen same dag som julegrantenninga ved Saften. Det var fullt på alle gudstenestene. Særleg er den siste gudstenesta populær. Ingrid Askvik var dette året engasjert som instruktør og til å halda styr på dei mange aktørane. Ein utvida prestefamilie tok aktivt del, både på gudstenestene julafta og høgtidsgudstenesta juledag.



### Kyrkjefolk

I løpet av 2014 intervjua og fotograferte sokneprest Egon Askvik hundre kyrkjemedlemer i Leikanger sokn - ein på kvart alderstrinn. Dette vart til boka Kyrkjefolk, utgitt på Skald forlag, Boka vart lansert 1.oktober 2015 på ei storsamling i Saften. Boka vart trykt i eit oppdrag på 1600 og er nær utseld. Egon Askvik har ikkje motteke honorar eller royalty, men har fått dekka sine utgifter i samband med bokprosjektet. Pr 31.1.2016 var det sold bøker for kr 337 108 kroner. Sjølv om det også er store utgifter med eit slikt prosjekt, sit soknerådet att med eit fint overskot. Boklanseringa 1.oktober vart ei oppleveling med næraast fullsett kultursal, intervju med forfattar, forleggar og biskopen i Bjørgvin, Halvor Nordhaug.

Egon har vorte invitert til temakveldar for å fortelja om boka og boka har vore omtalt i nrk radio og på Vestlandsrevyen. Mange gode attendemeldingar - også frå slike som ikkje kjenner dei som er med i boka.

### Nokre tal frå statistikkene:

Kyrkjelege handlingar i 2015:  
18 (22) døypte  
25 (25) konfirmantar  
4 (4) vigsler  
17 (18) gravferder  
(tala i parantes 2014)

### Konsertar/arrangement

Gjennom året har kyrkjelyden arrangert fleire konsertar og arrangement i kyrkja.

Påskeaftan 4. april vart Stabat Mater framført av unge musikarar. Mari Askvik (mezzosopran) og Margrethe Fredheim (sopran) og ein strykekvartett. Det vart også arrangert Jazzmesse i kyrkja søndag 10. mai, med instrumentale og vokale verk, framført av ein jazzsekstett, sett saman av i hovudsak studentar frå Oslo og Bergen.



Kyrkja har vore leigd ut til julekonsertar med Einar Bolstad, Kari Malmangar og musikarar. Jonas Navarsete med musikarar hadde også julekonsert i kyrkja.

Teaterstykket «Frå landevegen», av og med skodespelar

Gjertrud Jynge frå Det norske Teatret, vart framført i kyrkja 8. november. Stykket tek eit sterkt oppgjør med sokneprest Jakob Walnum, som var tippoldefar hennar. Mannen som i 1897 skipa «foreningen til motarbeidelse av omstreifervesenet», også kalla omstreifarmisjonen. Sogn og Fjordane fylkeskommune ved fylkesarkivet og soknerådet stod bak framsyninga.

Torsdag 26.februar var det felles medarbeidarfest i Stedje kyrkje der også medarbeidrarar frå Leikanger var med.

### DIAKONI OG OMSORG

#### Juletrefesten

Det var 36 personar som deltok på festen 13. dag jul. I tillegg var det ungar frå tredje klasse på barneskulen som underheldt. Kjell Sæter heldt andakt, det var matservering og gang rundt juletre.

#### Tysdagstreffa

Tysdagstreffa heldt fram med Synneva Husabø som administrator for samlingane. Ho har hatt mange gode hjelparar, både på kjøkkenet og til andre oppgåver, som td. program.

Det har vore 16 treff, 8 på våren og 8 på hausten og det har vore mellom 30 og 40 på treffa.

Sokneprest Egon Askvik har hatt andakt og hatt ansvaret for å leie dei fleste treffene. Prostiprest Kjell Sæter har vore vikar.

Organistane Hallgeir Øgaard og Diccon Pearce, og Kristen Askeland har stått for musikken Reidun Strand leier trimmen og Reidun Vangsnes har vore vikar.

## Fargerik før jul

Soknerådet arrangerte Fargerik førjulssamling på kyrkjelydshuset 12. desember. Her vart det servert rettar frå den vide verda; alt frå arabisk/syriske rettar, eritreisk injera og til norsk risengrynsgraut. Dei som var komne til bygda i løpet av 2015 frå Syria og Eritrea presenterte seg på norsk, til stor applaus. Det var ein flott ettermiddag, god stemning og med rundt 80 frammøtte.

## Kyrkjelydsmiddag (Tysdagskafé)

8. september starta Ingeborg Ugulsvik opp med middagsservering i Kyrkjelydshuset, med god hjelp av Odrun Ugulsvik Myklebust.

Tiltaket er tenkt å fungere som ein open kafé, der det ikkje vert lagt opp til noko program. Gjester kan komme og gå som dei vil mellom kl 16 og 18.

Vi har lagt oss på ein overkomeleg pris, kr 50 per person eller kr 200 per familie. Dette skal vere eit lågterskeltibod, der alle som ynskjer det skal kunne delta.

Vi har i løpet av hausten hatt eit overskot på litt over kr 6000. Det viktigaste er måltidsfellesskapet og den gode samtalet.

I løpet av hausten gjennomførte vi 7 middagar, frå tysdag 8. september og kvar 14. dag fram til 8. desember. Det har vore opptil 70 personar innom på middag, men ligg på eit gjennomsnitt på ca. 50 små og store.

Ingeborg har fått med seg fleire gode hjelparar som er med og gjer til at dette kan gjennomførast: Johannes Ugulsvik, Gerda Alme og Guro Henjesand.

## TRUSOPPLÆRING

4 åringane fekk utdelt bok på hausttakfesten i oktober, der 19 fireåringar møtte fram og fekk bok. Dagen før var det undringstime i kyrkja.

12. april var det utdeling av bok til 6 åringane, der 21 seksåringar fekk bok. 6-åringane markerte skulestart med gudsteneste 16. august, der 19 seksåringar møtte fram.

11-13 åringar hadde pangstart leir på Lyngmo saman med alle sokna i fellesrådsområdet, 5 deltagarar frå Leikanger.

## Babysong for born under eitt år

Sandra Pearce var leiar for babysongen fyrste halvdel av 2015. Monica Ugulsvik overtok som leiar hausten 2015. Frå hausten var også kantor Hallgeir Øgaard med på samlingane, som er i kyrkjelydshuset. Etter ei økt med song og regler er det tid for mat og prat. To frivillige medarbeidarar lagar formiddagsmat, til saman var 11 damer med i ordninga. I tillegg til å lage mat er dei med og passar dei små. Det var 18 samlingar i løpet av året, med 24 deltagarar.

## Lys vaken

Lys Vaken vart arrangert siste helga i januar. 24 deltagarar kom laurdag ettermiddag. Her fekk dei mange opplevelingar og lære bibelhistoriar. Målet var å bli betre kjent med bibelen gjennom kodebdansen,

forteljinga om David og ein av salmane hans, Samuel i tempelet og tårnbygging i Babel. Laurdag kveld var det pizza, før ein runda av med gudstenesteførebuing. Ungdomane sov heime. Sundag morgen møtte dei til frukost og førebuing til gudstenesta dei tok del i.



## Konfirmantane

Det er soknerådet som er ansvarleg for konfirmantopplegget. Soknepresten har den utøvande undervisningsrolla. Kyrkjelydspedagog Monica Ugulsvik har vore medansvarleg.

### Våren 2015

25 ungdommar vart konfirmerte pinsedag, 24. mai 2015. I løpet av våren hadde dei undervisningstimar i kyrkjelydshuset/kyrkja, samtalegudstenester, fasteaksjon.

Foreldra var i prestegarden på foreldremøte og deltok på



### Hausten 2015

Heile 38 konfirmantar vart innskrivne i Leikanger hausten 2015. Det var ein hektisk oppstart med foreldre/konfirmant-informasjonsmøte, samtalar med kvar einskild konfirmant, konfirmanthelg på Lyngmo og to presentasjonsgudstenester. I september var det tur til Sogndalsalen etter skuletid. På grunn av det store kullet, vart det skipa til to lysmesser 6. desember. Mange konfirmantar tok også del på julespelet i kyrkja julafra. Me har hatt to felles konfirmantsamlingar med Stedje, Kaupanger, Norum og Fjærland sokn.

Då har me vore samla over 100 konfirmantar i Stedje kyrkje. Foreldra har vore veldig behjelpelege med skyss til alle arrangementa i haust. Stor takk til dei!

Konfirmantane er medhjelparar på gudstenestene både vår og haust og får mange lovord for den fine måten dei utfører oppgåvene sine på. Det vart kjøpt 30 nye konfirmantkappar i 2015.



## FORENINGAR

### Kyrkjeringane

Dei tre kyrkjeringane har hatt sine månadlege møte, fem møte i 2015, med fellessamling i april og desember.

Desse var leiarar i kyrkjeringane:

Ytre: Synneva Husabø Midtre: Solveig Hagen  
Indre: Sofie Henjum

Kyrkjeringane har gjennom mange år vore gode støttespelarar for kyrkja. I 2015 finansierte dei lesepultklede nr. 3, og då det grøne, laga av kunstnaren Janne Nes. Det vart teke i bruk under gudstenesta 1. februar og høgtidleg bore inn i prosesjonen av to 11-åringar og hengt opp.

## Anna frivilleg verksemد

Bibelgruppe 1: Gro Skogli

Bibelgruppe 2: Liv Eldholm

Holum misjonslag: Ella Lunde

Leikanger Normisjon: Marit Askeland og Jorunn Kvalsvik

Aase

Misjonssambandet: Gunveig Tjønn



## Prestetenesta

Egon Askvik er sokneprest i Leikanger og Norum.

I gudstenesta 7. juni var det avskjedsarrangement for Sandra og Diccon. Tilsetjing av Cristina og Hallgeir vart markert på gudstenesta 23. august med at tenestebrev frå biskopen vart lest opp.

## KYRKJE OG KYRKJEGARD

### Kyrkjebygget

Det har vore gjort eit omfattande vedlikehaldsarbeid på kyrkja i 2015.

Sjå kyrkjeverja si orientering i siste nummer av kyrkjelydsbladet.



### Dugnad

Den årvisse dagnaden på kyrkjegarden var torsdag 23. april, med Knut Grinde som ansvarleg. Det møtte fram 18 personar, derav sju konfirmantforeldre. Arbeidet gjekk greitt og vart avslutta med ei kjekk kaffistund.

Ansvær kyrkjegardane: Johannes Henjum bistår ved graving på den gamle kyrkjegarden.

## ØKONOMI

Leikanger kyrkjelyd, «innsamla midlar»

Ved ofringar kom det totalt inn kr 140 636, av dette kr 41 581 til eige kyrkjelydsarbeid.

Fasteaksjonen: kr 41 946

Faddergåver: kr 3 600

Givarteneste: kr 21 700

Det vert elles vist til rekneskapen.

Leikanger 18. februar 2016

For Leikanger sokneråd:

Bjørg Anda

Leiar

## REKNESKAP FOR LEIKANGER KYRKJELYDSBLAD

Resultatrekneskap 1.1. - 31.12.2015

INNTEKTER:	Rekneskap 15	Rekneskap 14	Rekneskap 13	Rekneskap 12
Kontingentar 203/19€	40 600,00	39 600,00	40 400,00	39 375,00
Gåver 65/61	10 270,00	11 650,00	7 850,00	17 200,00
Annonseinntekter	8 500,00	13 000,00	9 000,00	11 300,00
Renteinntekter	67,00	88,00	112,00	92,00
<b>Samla inntekter</b>	<b>59 437,00</b>	<b>64 338,00</b>	<b>57 362,00</b>	<b>67 967,00</b>
<b>UTGIFTER:</b>				
Prenteutgifter	-45 116,00	-40 260,00	-41 260,00	-46 138,00
Bladporto	-2 232,00	-2 250,00	-1 864,00	-4 254,25
Damekoret-utkøyring	-7 500,00	-5 000,00	-10 000,00	-2 500,00
Bankgebyr	-19,00	-24,00	-122,00	-122,00
Trykking av giroar		-1 160,00		-1 925,00
<b>Sum driftsutgifter</b>	<b>(54 867,00)</b>	<b>(48 694,00)</b>	<b>(53 246,00)</b>	<b>(54 939,25)</b>
<b>Resultat (overskot)</b>	<b>4 570,00</b>	<b>15 644,00</b>	<b>4 116,00</b>	<b>13 027,75</b>
<b>Balansekonto:</b>				
Omløpsmidlar				
I bank 01.01.2015	45 481,76	29 837,76	25 721,76	12 694,01
Overskot 2015	4 570,00	15 644,00	4 116,00	13 027,75
<b>Sum omløpsmidlar</b>	<b>50 051,76</b>	<b>45 481,76</b>	<b>29 837,76</b>	<b>25 721,76</b>
<b>Eigenkapital og gjeld</b>				
Kapital 31.12.2015	(50 051,76)	(45 481,76)	(29 837,76)	(25 721,76)
<b>Sum eigenkapital</b>	<b>-50 051,76</b>	<b>-45 481,76</b>	<b>-29 837,76</b>	<b>-25 721,76</b>

## Praksisstudentane kjem

Praksisstudentane er i Leikanger kyrkjelyd 8.-31. mars og fylgjer prestetenesta der. Dei deltek også som predikantar, liturgar og har andakt, deltek på barnehagebesøk, tysdagstreff, sjukeheimen med meir. Dei skal bu i Sogndal



**Fredrik Danielsen  
(24)**

kjem frå Trondheim, der han gjekk på Kristen videregående skole Trøndelag (KVT). Han har alltid vore glad i sport og friluft, og har mellom anna gått ein tiårsperiode på IFT Taekwon-Do.

Etter vidaregåande gjekk han eitt år på Borgund folkehøgskule

og fullførte fyrstegongstenesta på Setermoen i Tromsø.

Han seier han ikkje har mykje erfaring med praktisk teologi, at han i større grad har brukta tida på den teoretiske delen av teologien.

Han har hjelpt litt til med konfirmantarbeidet i Skaun kommune og har litt erfaring som forkynnar - mest for ungdom.



**Fredrik Midtømme (23)**  
er veldig glad i friluftsliv. Han står ein del på ski og det var ein av hovudgrunnane til at han valde seg Leikanger.


Han er oppvaksen i Oslo aust, gjekk vidaregåande i Molde og var to år på Høgtun Folkehøgskule på Nordmøre.

Han har jobba ein del med ungdom i ulike aldersgrupper og har hatt praksis som ungdomsarbeidar i Hauketo

og Prinsdal, sør aust i Oslo.

Han har tidlegare prøvd seg som liturg og forkynnar under ein praksisperiode.

Ved sida av studiet jobbar han i Sportsnett, ein butikk for fjellutstyr og han er framleis frivillig i Hauketo og Prinsdal kyrkjelyd. Han spelar også volleyball i OSI (Oslo studentidrett).



## Kvar morgen går eg inn i kyrkja

Å stå opp tidleg er ein god vane, sjølv om nokon påstår det er ein uvane å vera oppe før fuglane har tenkt tanken. Ein tur til fots gjer godt, og så å gå innom den opne kyrkja vår. Kveikja eit lys, be ei bøn og lysa velsigninga. I alle himmelretningar.

### Herren velsigne deg og vare deg

Eg vender meg mot nord. Lyser velsigninga oppover bakkane. At dei på Leite må få ein velsigna dag. Likeeins alle sunnfjordingar, nordfjordingar, møringer, trøndrarar og nordlendingar. Ei særlig velsigning og bøn om vern av våre sårbare nordområde. Tenker på isen i Arktis som smelter etterkvart som temperaturen på jorda stig. Ei bøn om vern, så ikkje klimaendringane tek livet av oss og våre etterkomrarar.

### Herren late sitt andlet lysa over deg og vere deg nådig

Hendene vert lyfta mot vest. Hanahaug og ytrebygda. Visste du at Sognefjordvegen går like til Lavik? Velsigning over heimefolket mitt, strilane, og sjølv om det kan sitja langt inne: bergensarane er inkluderte. Velsigning over biskopen og staben hans. Og over gode vener i Austrheim og Fedje der eg tidlegare fekk vera prest. At Herrens andlet særlig kan lysa for dei som eg veit slit og har tunge dagar og vera nådig mot alle som i desse dagar vert utan arbeid.

At Herren må sjå i nåde til dei engelske øyane, livet i det store atlantehavet og på det amerikanske kontinentet.

### Herren lyfte sitt åsyn på deg

At Gud ser til dei innaføre, på Hermannsverk, Henja, Røysaleite , Dalen – ja hele strandi.

Lys for alle austlendingar og vår mektige nabo i aust. Og endå lenger aust, det enorme Kina, den unge nye økonomiske stormakta. At me ikkje går mot ein ny kald krig med opprusting, men kan byggja freden.

Og gløym heller ikkje sogndølane, om me no skal slåast saman med dei eller ikkje!

### Og gje deg fred

Til sist vender eg blikket mot sør. Der ufreden, valden og uretten rår i alt for stor grad!


Guds velsigne Tyskland, Italia, Tyrkia og Hellas og landa som har teke imot det uendleie lange fylget av flyktningar som har kome til dei frå sør. Gud, gje fred i Syria og rettferd i Eritrea! Velsign og gje vern til alle som no er om bord i ein livsfarleg båt, eller som vandrar til fots, rømt frå heim og hus, familie, vene og arbeid, på veg ut i ukjende. Ikkje fordi dei vil, men fordi dei må. Gje fred og rettferd i Midtausten, der konfliktane ikkje ser ut til å ha nokon ende.

Og Afrika, dette store, mangfaldige, fargerike, varme kontinentet. Som heilt ufortent har vorte synonymt med svolt og naud. Eg tenker med glede på songen, dansen, gleda og motet. Ikkje på grunn av omstenda, men på trass av situasjonen dei er i .

Og eg seier Amen.

Tekst/foto: Egon Askvik

## Tre kyrkjefolk om gudstenesta



Eg forbind kyrja med fine ting. Ho gir meg ro og rom for ettertanke. Utdeling av bøker er veldig kjekt. Då er det alltid mykje latter og god stemning. Ungane kosar seg og dei vaksne slappar av. Det er fin balanse mellom alvoret i bodskapen og meir lausslept song, musikk og glede.

Elin Borlaug Hauge

Det er ikkje alltid er har lyst å gå i kyrja når sundags-morgenon kjem, men når eg er der, kjennest det godt. Det er ikkje alltid eg kjenner eit sterkt nærvær. Men eg likar vera ein del av kyrkjelyden, vera delaktig, få seja fram bøner og vera med og synga.

Odrun Ugulsvik Myklebust

Eg kjenner meg sterkt knytt til kyrja. Me er til kyrje så ofte me kan. Leikanger kyrkje er min åndelege heim. Her er det kveik å få. Livet er meir enn det daglege brød. Ei god gudsteneste er for meg god musikk, god stemning i kyrja og ei god preike.

Odd Njøs

## Glede og sorg

### Dåp

15.11.2015	Sunniva Fosse Hjelmeland
29.11.2015	Olai Kåsa-Ask
29.11.2015	Ada Holen Loven
29.11.2015	Mats Instefjord Brekken
17.01.2015	Henrik Lunde Midtun
17.01.2016	Sander Berge Leirdal
31.01.2016	Nikoline Regine Bøkenes

### Gravlagt

19.02.2016	Margot Eggum
26.02.2016	Rigmor Borgny Moum
04.03.2016	Odd Eggum

## Jorden grønnes

Himlen blåner for vårt øye,  
jorden grønnes for vår fot.  
Bekken risler for vår tørste,  
korn og blomst og tre slår rot.  
Fugler spiller sine vinger,  
barnet pludrer med sin mor.  
Lovet være Han som skapte  
drømmen og det første ord.

Vinden har sin sti å vandre,  
bølgen har sin vei å gå,  
vår og sommer, høst og vinter  
skifter i det minste strå,  
gledens tid og sorgens time  
har sin bolig i hvert sinn.  
Lovet være Han som åpnet  
første le og siste grind.

Lyset stiger, lyset faller  
over alle dunkle fjell.  
Morgensol og aftenstjerne  
viser dag og varsler kveld.  
Hjertet har sin lengsels høyde,  
hånden har sin gjernings fred.  
Lovet være Han som er og  
ånder over tid og sted.

Einar Skjæråsen  
Norsk Salmebok 296

Denne songen, som no er kome inn i salmeboka, brukar me mykje her hjå oss. Den skildrar årstidene og menneskelivet på ein særstilfærdig og nærmåte.

Einar Skjæråsen 1900-1966 er ein av dei mest folkekjære diktarane i sin generasjon. "Du ska itte trø i graset" og "Danse mi vise, gråte min sang" er allemannslege. Skjæråsen voks opp i Trysil. Han ga ut fleire diktsamlingar, men diktinga vart aldri levebrødet hans. Han var utdanna bankmann og budde i Oslo.

(Kjelde Norsk biografisk leksikon )



# Fjor Kammerensemble gjestar Leikanger på nytt



Fjor Kammerensemble vart oppretta vinteren 2015, då sopranen Margrethe Fredheim frå Sandefjord og mezzosopranen Mari Askvik frå Leikanger ønskta å setja opp verket "Stabat Mater" av Pergolesi.

Dei fann fire musikarar som gjerne ville vera med på dette, Mari Bølgen Halvorsen (fiolin) og søkjenflokken Ragnhild Kyvik Bauge (fiolin), Einar Kyvik Bauge (bratsj) og Sverre Kyvik Bauge (cello). Dei gjorde ein turné med verket i påska, både på Austlandet og i Sogn. I Sogn vitja dei Aurland og Leikanger kyrkje, og bestemte seg fort for at dei ville koma attende for å spela meir i Sogn. I juli gjorde dei ein turné dei kalla "Sommarkonsertar ved fjorden". Dei vitja då Flåm, Undredal, Leikanger og Solvorn. Denne påska er dei utan Margrethe Fredheim, som for tida jobbar ved Operaen i Erfurt.

**Mari Askvik** er utdanna ved Operahøgskolen i Oslo der ho fullførte ein mastergrad i 2014. No frilansar ho både som konsertsongar og operasongar. Etter studiet har ho mellom anna gjort hatt roller ved ved RingsakerOperaen, Operaen i Kristiansund og Haugesund Kammeropera. Mari er fast tilsett som alt i Det Norske Solistkor og er medlem av tidlegmusikkensemblen Christian IV's Vokalensemble i København.

**Mari Bølgen Halvorsen** er fiolinist og fullfører

mastergraden sin ved Norges Musikhøgskole våren 2016. Ho jobbar allereie aktivt som frilansar, blant anna i Ensemble Allegria, LigeTrio og som vikar i Kringkastingsorkesteret.

**Ragnhild Kyvik Bauge** er også violinist og er i gang med ein bachelorgard ved Norges Musikhøgskole.

**Einar Kyvik Bauge** vart ferdig ved Norges Musikhøgskole i 2015 og jobbar som fast tilsett bratsjist i Kringkastingsorkesteret. Han er i år også i Solistklassen ved Det Kongelige Danske Musikkonservatorium.

**Sverre Kyvik Bauge** er cellist. Han fullførte mastergraden sin ved Aaron Copland School of Music i New York i fjor, og jobbar no som frilansar med Oslo som base. Han er, til liks med Einar, medlem av kammerorkesteret Ensemble Allegria.

Konserten langfredag vil innehalda musikk frå kjende pasjonsverk, som Johannespasjonen og Matteuspasjonen av J.S. Bach. Det vert også salmesong og lesingar frå lidingssoga. Ensemblet ynskjer vel møtt til ei stemningsfull stund i kyrkja. Det vert ikkje teke inngangsbillett, men soknerådet er takksame for støtte til prosjektet. Det vert samla inn kollekt ved utgangen.



## PASJONSKONSERT

Langfredag 25. mars

Leikanger kyrkje 17:30  
Stedje kyrkje 20:30

**Mari Askvik**  
**Mari Birgitte Bølgen Halvorsen**  
**Ragnhild Kyvik Bauge**  
**Einar Kyvik Bauge**  
**Sverre Kyvik Bauge**

*mezzosopran*  
*fiolin*  
*fiolin*  
*bratsj*  
*cello*

Støtt våre annonsørar -  
dei støttar oss!



**Leikanger auto**  
Telefon 576 53 100  
[post@leikangerauto.no](mailto:post@leikangerauto.no)  
[www.leikangerauto.no](http://www.leikangerauto.no)

**Aarskog**  
bakeri og konditori AS  
Telefon 576 53 422



Tlf: 57 65 11 00




Telefon: 57 68 14 77 (heile døgnet)  
E-post [post@sogngravferdshjelp.no](mailto:post@sogngravferdshjelp.no)

Kjell Grønli  
Hans Magne Kvåle  
Hege Urnes  
Ingar Husum



**sparebanken**  
sogn og fjordane  
Tlf: 57 82 97 00  
[wwwssf.no](http://wwwssf.no)



**Sogn Kontorsenter**  
Leikanger - Årdal  
57 67 66 99  
[www.sognkontorsenter.no](http://www.sognkontorsenter.no)

**KIWI mini pris**  
TIPPING - RIKSTOTO  
08-22 (20)

**coop**  
**prix**


# Oppslagstavla!

**POPULÆR MIDDAG**  
Kyrkjelydsmiddagen - annakvar tysdag kl.16-18 har vist seg å vera svært populær. Nokre tysdagar har næra hundre personar vore innom kyrkjelydshuset. Middagane vert servert i oddetalsveker, men ikkje i påska. Det kostar kr 50 pr. person, og kr 200 for ein familie.



**LEIKANGER SOKNERÅD HAR MØTE**  
Onsdag 27. april  
Onsdag 8. juni  
Ta kontakt om du har saker til soknerådet.

**KYRKJEFOLK**  
Ta kontakt med [easkv@online.no](mailto:easkv@online.no) for bestilling eller kyrkjekontoret i Sogndal. Heimeside: [www.kyrkjefolk.no](http://www.kyrkjefolk.no)



**DUGNAD PÅ LEIKANGER KYRKJEGARD**  
Torsdag 28. april kl. 18.  
Ta med hagesaks og rive og gjerne litt mat og kaffi.



**MEDARBEIDARFEST**  
det har blitt tradisjon å samle dei som engasjerte som frivillige i kyrkjelydane i leikanger og Sogndal til felles medarbeidarfest. I år er festen i Stedje kyrkje torsdag 26. mai.  
Noter dagen.

**TYSDAGSTREFFET**  
for pensjonistar og andre interesserte annakvar tysdag kl.1130-14 i kyrkjelydshuset.

Reidun Strand leier trimmen, Hallgeir Øgaard spelar klassisk musikk, Egon Askvik leier og held andakt. Me møter "dagens gjest". Og sjølvsgått syng me. Det vert servert nydeleg middag + kaffi og kaker. Den symbolske prisen er kr 50.

Det er treff tysdag 15. og 29.mars og 12.april (siste gong dette halvåret)

**SALMAR & KAFFI**  
Sundag 24. april kl 19. samlast me til mykje fin song og musikk i kyrkja og kaffidrås i kyrkjelydshuset etterpå. Velkomne!  
Helsing nemnda: Kari Kitty Stadhei, Jean Rockwell, Hege Feet Askvik, Bjørn Sølsnes, Tom Sølve Mykje bust, Hallgeir Øgaard, Cristina Sandor, Tove Stensås, Gerd Haugen, Egon Askvik

## Frivillig kontigent/gåve

Det er mange som set pris på kyrkjelydsbladet. Me har også sett ein pris: Kr. 200,- men er sjølvsgått takksame for alle gåver.

Bruk vedlagde giroblankett eller set pengar inn på konto 32781.07.30316.



**Tusen takk!**

PS: Me kan berre senda bladet utabygds til dei som betalar.

## RETTING I BLADET

I presentasjonen av det nye soknerådet i førre nummeret av Kyrkjelydsbladet var det litt feil når det gjaldt varamedlemene.

Dette er rett rekkefylgje på varamedlemene: 1. Tove Stensås 2. Svein Helge Frækaland 3. Anna Helen Hamre (bildet) 4. Jorunn Fosse Fidjestøl 5. Tone Britt Myklebust.



# KYRKJEKALENDAR

## MARS

### Sundag 13. mars Maria bodskapsdag

Luk.1,39–45

Kl.19.00 Ung Messe. Sokneprest Egon Askvik, kyrkjelydspedagog Monica Ugulsvik, kantor Hallgeir Øgaard og stud teol. Fredrik Midttømme. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet. Forsongargruppe. Kyrkjekaffi i kyrkja.

### Torsdag 24. mars Skjærtorsdag Joh.13,1–17

Kl.19.00 Kveldsgudsteneste med nattverd. Sokneprest Egon Askvik og stud.teol. Fredrik Danielsen.

### Fredag 25. mars Langfredag Mark.14,26–15,37

Kl.17.30 (merk tida) Pasjonskonsert. Mari Askvik (song), Mari Birgitte Bølgen (fiolin), Ragnhild Kyvik Bauge (fiolin), Einar Kyvik Bauge (bratsj), Sverre Kyvik Bauge (cello).

Gratis inngang. Kollekt.

### Sundag 27. mars Påskedag Joh.20,1–10

Kl.11.00 Høgtidsgudsteneste. Sokneprest Egon Askvik, kantor Arild Slinde, stud.teol. Fredrik Danielsen, Mari Askvik (song), Mari Birgitte Bølgen (fiolin), Dåp. Takkoffer til Sjømannskirken. Kyrkjekaffi

## APRIL

### Sundag 3. april 2. sundag i påsketida

1.Pet.1,3–9

Kl.11.00 Borna sin påskefest. Sokneprest Egon Askvik og kyrkjelydspedagog Monica Ugulsvik. 6–åringane særleg innbedne. Konfirmantane leier gudstenesta. Dåp. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet. Kyrkjekaffi.

### Sundag 17. april 4. sundag i påsketida

Joh.14,1–11

Kl.11.00 Gudsteneste. Konfirmantane tek del. Takoffer til kyrkjelydsarbeidet. Kyrkjekaffi.

### Sundag 24. april 5. sundag i påsketida

Joh.17,6–11

Kl.19.00 Salmar & kaffi. Ei annleis gudsteneste med mykje song og musikk. Kollekt til Kirkens bymisjon, Bergen. Me syng saman frå kl.18.30.

## MAI

### Sundag 8. mai Sundag før pinse Joha.16,12–15

Kl.11.00 Gudsteneste. Prostiprest Kjell Sæter. Takkoffer til Røde Kors sitt flyktningearbeid.

### Laurdag 14. mai Pinsafta

Kl.12.00 Konfirmasjon. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet

### Sundag 15. mai Pinsedag Joh.14,23–29

Kl.11.00 Konfirmasjon. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

Kl.13.00 Konfirmasjon. Takloffer til kyrkjelydsarbeidet.

### Tysdag 17. mai Grunnlovsdag

Kl.10.15 Festgudsteneste. Takkoffer til Amnesty International.

### Sundag 29. mai 2. sundag i treeining Joh.3,1–16

Kl.11.00 Gudsteneste. Dåp. Takkoffer til Det Norske Bibelselskap.

## JUNI

### Sundag 12. juni 4. sundag i treeining

Matt.9,35–38

Kl.11.00 Gudsteneste . Takkoffer til Lyngmo ungdomssenter.



Sjå oppdaterte gudstenestelister på  
[http://www.leikanger.kommune.no/  
kyrkjekalender.4850977-172067.html](http://www.leikanger.kommune.no/kyrkjekalender.4850977-172067.html)